

Registreringsskjema for ønske om opplæring i samisk

Opplæring i samisk i Stord kommune er ein rett for samiske barn¹ som er heimehøyrande² i Stord kommune.

Retten inneberer at:

- elevane (føresette) får velja kva samisk språk dei skal ha opplæring i: nordsamisk, lulesamisk eller sørsamisk
- på barneskulen er det foreldre/føresette som avgjer om barna skal læra seg samisk, medan det er ungdommen sjølv som bestemmer dette frå og med 8. trinn.
- undervisning i faget følgjer læreplanverket Kunnskapsløftet – Samisk
- skuleeigar må tilby alternativ opplæring (til dømes fjernundervisning) dersom det ikkje finst kvalifisert personale
- elevane kan velja samisk som første eller andre språk
- elevane er fritatt frå framandspråk/språklig fordjupning, men har rett til å velja ei slik fordjupning dersom dei ønskjer det (på ungdomstrinnet).

Informasjon frå søkeren:

Barnets namn:	
Barnets fødselsdato:	
Barnets nærskule:	

Kryss av for ønska språk:

- nordsamisk
- lulesamisk
- sørsamisk

Kryss av for om ein ønskjer samisk som andrespråk eller førstespråk (sjå forklaring på neste side):

- samisk som andrespråk (og norsk som førstespråk)
- samisk som førstespråk (og norsk som andrespråk)
- samisk og norsk som førstespråk

Signaturer:

Stad og dato:	
Foreldras signatur:	
Elevens signatur (frå og med 8. trinn)	

Lever skjemaet til elevens skule, helst innan 15. mars.

¹ samiske barn er barn av forelder/foreldre som står i eller har rett til å stå i samemanntalet

² Folkeregistrert i Stord kommune

Samisk som andrespråk

Elevar som har samisk som andrespråk, kan ha ulike forkunnskapar når dei startar med samisk språkopplæring. For nokon elevar er samisk eit heilt nytt språk, medan andre kan noko samisk når dei startar på skulen. Situasjonen for elevar når det gjeld mogelegheit til å utvikla språket ved å høyra og få bruka språket dagleg i sitt nærmiljø, er også ulik. Derfor er læreplanen i samisk som andrespråk, bygd opp slik at den skal passa for elevar med ulike forkunnskapar, for elevar som har behov for å bruke noko lengre tid på innlæring av språket og for elevar som startar med samisk på ulike årstrinn.

Samisk som førstespråk

Dette alternativet er for elevar som kan samisk og har dette som heimespråk. Det er å tilrå at elevar startar opplæringa frå 1. trinn. Elevar som har samisk som førstespråk, får den første lese- og skriveopplæringa på samisk. I norskfaget får dei opplæring etter læreplan i norsk for elevar med samisk som førstespråk. Førstespråket har fleire undervisningstimar og læreplanen har større krav enn andrespråks læreplanen. Elevar kan også velja å ha både samisk og norsk som sitt førstespråk. Opplæring i samisk som førstespråk vil kunna innebere fleire timar med undervising enn andre elevar.